

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 15.6.2022 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Else Karin Veslegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Geir Wiknes, Torfinn Slåtto, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen

Opning v/Anne Kjersti Frøyen: Pilegrimsvandring i Valdres

Saksnr.		Ansvar
31/22	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, saksliste eller protokoll.	
32/22	Møteplan for 2.halvår onsdag 31.08 kl 17-19 + fellesråd onsdag 28.09 kl 17-19 onsdag 19.10 kl 17-19 + fellesråd onsdag 23.11 kl 17-19 + fellesråd	
33/22	Støtte til fest for 10.klasse Skjærgårds Live har søkt om støtte på kr 2.500,- frå soknerådet til hovudpremien (sykkel). Soknerådet går inn for ei slik støtte, og fordeler dette med 25% frå Leveld og Torpo og 50% frå Ål.	Staben
34/22	Gudstenesteplan 2.halvår Soknepresten meinte at den planen som er lagt fram er god, men kunne vore meir nytenkande. Me bør arbeide meir med korleis me kan skape større interesse og oppslutnad for det som skjer i kyrkja. Lysmesse på Torpo med konfirmantane er ein god tradisjon, men bør flyttast slik at ein unngår kollisjon med arrangement av kulturskula (julegrantenning). Fredag same helg kan vere aktuell.	Staben
35/22	Ofringar 2.halvår Dette vart planlagt gruppevis og resultatet skal sendast Elin.	
36/22	Kyrjekaffi 2.halvår Dette vart planlagt gruppevis og resultatet skal sendast Elin.	
37/22	Fleire frivillige medarbeidarar til gudstenestene Det er fleire frivillige som har trekt seg i det siste. Kva gjer me med dette? Bør me kalle klokkar-tenesta for noko anna? Gudstenesta bør vere eit samarbeid mellom tilsette og frivillige. Alle i soknerådet bør tenkje gjennom kven som kan passe som klokkar/tekstlesar og kyrkjevert, og spørje desse direkte. Det er viktig at folk føler at dei blir sett av kyrkja. Me kan vurdere om det er rett å nytte omgrepet «klokkar» framover.	Alle
38/22	Meldingar a) Det har vore dugnad på alle kyrkjegardane	
39/22	Eventuelt Ingen saker	
	Neste møte: 31.aug kl 17:00	
		Referent: Torfinn Slåtto